

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

Sigbjørn Framnes (Frp) og **Benthe Bondhus (Sp)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styremedlem og varamedlem i Sunnhordland kraftlag (SKL). Framnes og Bondhus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at dei ikkje var ugilde etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Sigbjørn Framnes og Benthe Bondhus tiltredde saksbehandlinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner høyringsuttalen som er sendt til Olje- og energidepartementet i samband med lovforslaget om å justere Industrikonsesjonsloven av 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vassfall mm slik at private aktørar skal kunne erverve inntil 1/3 av kapital og stemmene i offentlege ansvarlege vasskraftselskap.